



Saksbehandlar: Kristin Arnestad og Ingebjørg Erikstad, Nærings- og kulturavdelinga
Sak nr.: 17/3144-1

Arbeidet med budsjett 2018 / Økonomiplan 2018-2021 - næring og kultur

Fylkesdirektøren rår hovudutval for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for næring og kultur rår til at formidlingsbygget på Tusenårsstaden Gulatinget vert vurdert på nytt for ev fylkeskommunal medverknad i kommande investeringsplan.
2. Hovudutvalet er kjent med at det vert arbeidd med byggprosjekt t.d. innan Musea i Sogn og Fjordane sitt område, inkl Astrupunet, og rår til at ev forventa fylkeskommunal deltaking i kommande økonomiplanperiode vert avklart.

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing

Arbeidet med Budsjett 2018/Økonomiplan 2018-2021 er starta opp. Arbeidet på vårparten 2017 konsentrert om økonomiplandelen av budsjettet, og hovudutvala er gjennom denne saka bedne om å komme med innspel til økonomiplanen.

Hovudutvala har fått ei bestilling frå finansutvalet der sektoren blir bedt om å sjå på oppfølging av vedtekne innsparingskrav og eventuelle avvik knytt til dette, samt å vurdere aktuelle investeringstiltak innan sektoren.

Alle innsparingskrav på sektoren er tatt tidlegare og er stort sett gjennomført i tråd med planane. Innan næringssektoren ligg det ikkje føre aktuelle investeringstiltak, medan det på kultur er omtalt nokre aktuelle saker.

2. Slik vert budsjettarbeidet gjennomført i 2017

Arbeidet med Budsjett 2018/Økonomiplan 2018-2021 vert i hovudsak gjennomført på same måte som arbeidet med budsjettet for 2017. Ei endring er at hovudutvalet vert involvert ein ekstra gong på vårparten.

På våren er arbeidet konsentrert om det langsiktige økonomiplanarbeidet, medan ein på hausten gjer prioriteringar innan sektorane. Når det gjeld arbeidet på vårparten er det lagt opp til denne framdriftsplanen i arbeidsdokument 1/17 til finansutvalet:

Tidsrom	Arbeidsoppgåver	Politisk nivå	Adm. Nivå
Mars 2017	Møte i finansutvalet. Oppstart av ny budsjettprosess. Ev. framlegging av utgreilingsrapportar.	FINU	
Mars - april	Innspel frå hovudutvala som sektorspesialistar. Alternativt vert dette medio mai.	HU	
Mai 2017	Møte i finansutvalet. Ev. framlegging av utgreilingsrapportar.	FINU	
Medio mai	Framlegging av kommuneopposisjonen 2018	KMD	FRM
Mai 2017	Utsending av fylkesrådmannen sitt framlegg til økonomiplan 2018-21		FRM
Mai 2017	Hovudutvala si handsaming	HU	
Mai 2017	Fylkesutvalet si handsaming	FU	
Juni 2017	Fylkestinget si slutthandsaming	FT	

3. Bestilling frå finansutvalet til hovudutvala

Den innarbeidde arbeidsdelinga mellom finansutvalet og hovudutvala tilseier at hovudutvala - som sektorspesialistar - får høve til å gjere prioriteringar på eigen sektor. Finansutvalet har ansvar for å gjere vurderingar knytt til den samla fylkeskommunale økonomien og har ansvar for å prioritere mellom sektorane. Med grunnlag i ei slik arbeidsdeling har finansutvalet gjennom arbeidsdokument 1/17 gitt hovudutvala to spesifikke oppgåver i høve økonomiplanarbeidet no i vår:

- Ha fokus på god gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak og effekten vi får ut av desse.
- Vurdere aktuelle investeringstiltak på eigen sektor.

Vedtekne innsparingstiltak

Det omfattande utgreiingsarbeidet som er gjennomført dei siste åra har resultert i mange vedtekne innsparingstiltak. Innsparingstiltaka er svært ulike, nokon er allereie gjennomført medan andre tiltak skal fasast inn i løpet av økonomiplanperioden. Det er først ved gjennomføring av tiltaka vi får svar på om føresett innsparing vert realisert.

Finansutvalet legg no følgjande til grunn for budsjett/økonomiplanarbeidet i 2017:

- Hovudutvala prioriterer arbeidet med gjennomføring av vedtekne innsparingstiltak.
- Eventuelle avvik mellom føresett og reell innsparing på tiltak skal handterast innanfor den aktuelle sektorramme.

Viss det i gjennomføringa av vedtekne tiltak viser seg at føresett innsparing tidleg i økonomiplanperioden ikkje vert realisert, skal ikkje hovudutvala sette i gang nye utgreiingar no. Den urealiserte innsparinga, som framleis skal handterast innanfor sektorrammene, kan som følgje av dette bli skyvd noko ut i tid.

Fylkessdirektøren legg fram eventuelle avvik for hovudutvalet.

Investeringstiltak på eigen sektor

Målet med ein samla investeringsplan er å få fram kva prioriteringar som skal leggast til grunn for framtidige investeringar.

Investeringsbehov og prioriteringar innanfor samferdslesektoren vert fanga opp gjennom arbeidet med regional transportplan (RTP). Aktuelle vedtak og tilrådingar knytt til RTP vert samordna med det øvrige arbeidet med investeringsplanen. Hovudutval for samferdsle treng såleis ikkje handsame investeringsdelen eksplisitt.

For dei andre sektorane er det no viktig å få fram informasjon om aktuelle investeringsprosjekt som grunnlag for nærmare prioritering inn mot vedtak av samla investeringsplan i desember 2017.

Investeringsprosjekt som ligg inne i gjeldande budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020 er alt vedtekne og treng ikkje fremjast på nyt.

Første trinn i arbeidet med investeringsplanen er å identifisere/kartlegge aktuelle prosjekt. I denne hovudutvalssaka gjev fylkesdirektøren ein kort omtale av sektoraktuelle prosjekt han har kunnskap om. Omtalane er så langt på skisestadiet og ev. kostnadsestimat er svært grove. Det er tidkrevjande å få desse skissene meir konkrete og i ei form som gjer det mogleg å prioritere mellom dei.

Hovudutvalet skal difor i denne omgang komme med ei tilråding til kva prosjekt de ynskjer vidare utgreidd på eigen sektor. Målet med utgreiingane er å sikre tilstrekkeleg informasjon til å gjere ei nærmere prioritering mellom investeringstiltaka.

I tillegg blir hovudutvalet, der det er aktuelt, oppfordra til å gje ei vurdering av om vi skal gå vidare med investeringsprosjekt/skisser der eige vs. leige av infrastruktur/bygg er tema.

4. Innsparingstiltak

4.1 Innsparingstiltak næringssektoren

Alle innsparingskrav på næringssektoren er gjennomført og er det er ikkje avvik ut frå det som tidlegare er lagt fram.

Det kan bli aktuelt med mindre omprioriteringar innan næringssektoren i prioriteringssaka i september. Dette er i tråd med vanleg praksis, og prioriteringane vert påverka av både rammer, føringar frå andre og resultata innan dei ulike satsingsområda.

4.2 Innsparingstiltak kultursektoren

Innsparingstiltaka på kultursektoren er gjennomført. Innsparinga på 1 mill. kr på kunstproduksjon har vorte utsett i tid, og er ikkje fordelt på dei fire institusjonane det gjeld (Sogn og Fjordane teater, Opera Nordfjord, Førdefestivalen og Norsk Countrytreff). Reduksjonane må fordelast i samband med økonomiplanarbeidet 2018 (juni 2017). Vidare knyter det seg noko usikkerheit til innsparingstiltaket innan kulturminneforvaltinga, og den løysinga som er valt der. Det vert arbeidd vidare med å analysere dette opp mot endringar som fylkeskommunen må tilpasse seg når det gjeld kulturminneregistreringar. Fylkesdirektøren kjem tilbake til dette vis det viser seg at vi må sjå nærmere på denne innsparinga (innfasing).

Fylkesdirektøren ser at det også på kultursektoren kan vere behov for justeringar mellom tenester/programområde innanfor ramma. Dette vil i så fall komme i samband med budsjettsaka for 2018 i september.

5. Investeringstiltak

5.1 Investeringstiltak næringssektoren

Innan næringssektoren ligg det ikkje føre aktuelle investeringstiltak no.

5.2 Investeringstiltak kultursektoren

Sunnfjord Museum/fellesmagasin

I gjeldande økonomiplan er det lagt inn 92,5 mill. kr som fylkeskommunen sin del av finansieringa av prosjektet «Kløften»; dvs. museumsbygg for Sunnfjord Museum og fellesmagasin for Musea i Sogn og Fjordane.

Formidlingsbygg Tusenårsstaden Gulatinget

I økonomiplan 2014-2017 var formidlingssenter på Tusenårsstaden Gulatinget lagt inn med ei samla løvning på 21,875 mill. kr (av dette er 0,875 mill. kr planleggingsmidlar som er nytta til skisseprosjekt). Kostnadsramma var sett til 53,750 mill. kr, og bygget var tenkt finansiert med kvar sin tredjedel fordelt på stat, fylkeskommune og Gulen kommune. Gulen kommune har sett av midlar til bygget i sin økonomiplan. I arbeidet med økonomiplan 2015-2018 vart dette prosjektet grunna økonomiske utfordringar for fylkeskommunen teke ut. Det vart då sagt at

Gulen kommune kunne arbeide vidare med å finansiere bygget gjennom søknader til staten og ev private midlar. Så langt har dei ikkje lukkast med å få inn eksterne midlar til dette bygget.

Etter fylkesdirektøren si vurdering kan det vere tid for å ta fram att desse planane og få gjort ei ny vurdering av dette byggeprosjektet, inkludert oppjustering av kostnadene.

Andre museumsbygg

Jølster kommune arbeider med planer for å ruste opp Astrupunet. Rapport frå eit forprosjekt finansiert av Sparebankstiftinga DNBNor er sagt skal komme i løpet av våren/sommaren 2017. Fylkesdirektøren viser til referat frå møte 2.mars der et vart stadfesta positiv vilje frå både Førde kommune og fylkeskommunen til å vere med og løfte Astrupsatsinga. Fylkesdirektøren sitt råd her vil vere å halde dialogen med Jølster (og Førde) kommune og Musea i Sogn og Fjordane (som driftar Astrupunet), og få naudsynt informasjon om kva dei tenkjer å satse på framover. Medverknad til investeringar føreset at fylkeskommunen er medeigar i ev bygg eller anlegg. Førerebels er det ikkje klart kva organisasjonsform ei satsing får. Slik fylkesdirektøren oppfattar situasjonen no, vil det mest truleg vere ei satsing som må finne sin plass på driftssida i budsjettet.

Fylkesdirektøren er også kjend med at det vert arbeidd med ulike større og mindre byggprosjekt innanfor Musea i Sogn og Fjordane sitt område. Det same gjeld for verdsarvområda våre. I den samanheng vil fylkesdirektøren rå til at vi nyttar noko tid til dialog med MiSF og med verdsarvområda for å sortere ut om det her er prosjekt det vert forventa at fylkeskommunen stiller opp på, i tilfelle på kva nivå forventningane ligg, og om dette er tiltak som bør vurderast i investeringsplanen eller driftsbudsjettet.

Andre tiltak

Gjennom prosjektet «Huset i bygda» har Sogn og Fjordane ungdomslag sett fokus på dei organisasjonseigde bygga; tilstand, drift og innhald. Det er mykje arbeid på gang rundt om i heile fylket for å ruste opp desse bygga (tilkomst, kjøkken, sanitæranlegg, ENØK-tiltak, m.m.). Dette er organisasjonseigde hus som vert drivne på dugnad, og som er viktige møteplassar lokalt; ein del av den lokale grunnmuren i kulturlivet. Gjennom «Huset i bygda» er det også innleidd samarbeid med Sparebankstiftinga i fylket der stiftinga årleg set av midlar som desse bygga kan søkje på i samband med opprustinga, parallelt med at dei også kan søkje midlar av den potten fylkeskommunen får frå kulturdepartementet til lokale kulturbygg. Den statlege løvvinga til kulturbygg er no under 50 mill årleg til fordeling på heile landet. Sogn og Fjordane er nede på om lag 2 mill i årleg tilskot. Godkjent søknadssum i fylket har auka frå 2,7 mill i 2013 til 8,5 mill i 2016. Med tanke på fylkeskommunen si rolle som støttespelar og utviklar for kulturlivet i heile fylket, ville ein pott til lokale kulturbygg vere med på legge til rette for god lokal aktivitet i heile fylket. Om dette skal la seg gjøre, må det ev etablerast som eit fond/årleg avsetjing og finansierast innan driftsbudsjettet. Fylkesdirektøren rår til at det vert arbeidd vidare med denne saka fram mot budsjettsaka i september.

6. Driftsbudsjettet

6.1 Konsekvensar av investeringar på driftsbudsjettet

Konsekvensane på driftsbudsjettet når det gjeld Sunnfjord Museum/«Kløften» vil vere renter/avdrag på lån. I tillegg kjem forventa auke i driftstilskotet til MiSF som følgje av leigekostnader i bygget. Desse kostandane må fordelast på stat, fylkeskommune og kommune.

Det er ikkje laga avtale om drifta av formidlingsbygget på Gulatinget, og det er difor for tidleg å seie noko om ev auke på driftsbudsjettet som følgje av ev realisering av dette bygget, utover det som handlar om rente/avdrag på lån.

Fylkesdirektøren viser til den omtale som er gitt over når det gjeld andre museumsbygg/andre tiltak. Eventuelle konsekvensar på driftsbudsjettet her vil vere avhengig av kva ein til slutt måtte bli samde om å satse på, og kva rolle fylkeskommunen skal ha.

6.2 DKS – frå Rikskonsertane til Kulturtanken

Rikskonsertane er lagt ned og Kulturtanken etablert som nasjonalt ansvarleg for m.a. Den kulturelle skulesekken. Dette kan ha økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen. I arbeidsdokument 1/17 skriv fylkesrådmannen følgjande:

«6.3 Nærings- og kultursektoren - etablering av Kulturtanken

Kulturtanken er den nye statlege etaten for kunst og kultur til barn og unge i skulealder. Tanken rommar Den kulturelle skulesekken og alt som tidlegare låg under Rikskonsertane.

Kulturtanken har sagt opp avtalen om produksjon av skulekonsertar med verknad frå august 2018. Denne avtalen inneheldt eit årleg lønstillskot til fylkeskommunen på om lag 0,3 mill. kr. Fylkeskommunen har også hatt ein særavtale med Rikskonsertane på musikktilbod til barnehagane, eit tilbod som Kulturtanken mest truleg ikkje vil prioritere framover. Den økonomiske konsekvensen knytt til dette tiltaket er reduserte inntekter på 0,2 - 0,3 mill. kr årleg.

Samla sett ser det no ut som at etableringa av Kulturtanken vil føre til eit inntektstap på 0,5 - 0,6 mill. kr årleg frå og med 2018. Fylkesrådmannen vil kome attende til dette når vi etter kvart ser kva for konsekvensar etableringa av Kulturtanken får for vårt tilbod og økonomi.»

Fylkessdirektøren har ikkje utfyllande informasjon å komme med om dette no.

7. Konklusjon og tilråding

Hovudutval for næring og kultur ber om at formidlingsbygget på Tusenårsstaden Gulatinget vert vurdert på nytt for ev fylkeskommunal medverknad i kommande investeringsplan.

Hovudutvalet er kjent med at det vart arbeidd med andre byggprosjekt som der fylkeskommunen kan bli utfordra på å delta, t.d. innan Musea i Sogn og Fjordane sitt område, inkl Astruptunet, og ber om at fylkeskommunal deltaking på nokon av desse prosjekta i kommande økonomiplanperiode vert avklara.

Mindre justeringar mellom tenesteområde/programområde innan ramma vil vi kome attende til i budsjettsaka for 2018 i september. Det same gjeld for ev andre innspel som må vurderast i høve driftsbudsjettet.